



Arkivsak
26/10450-5
Sakshandsamar
Jon Kvist

Saksgang
Fylkesutvalg
Fylkestinget

Møtedato
29.04.2026
06.05.2026

Innkalling til møte i representantskap i NDLA

Innstilling frå fylkesdirektøren

Forslag til vedtak i sakene til møte i representantskapet 7.5 støttast

Bakgrunn og saksgang

Det fylkeskommunale oppgavefellesskapet NDLA (Nasjonal digital læringsarena) har sendt innkalling til ordinært representantskapsmøte 7.5. I tillegg til ordinære saker som følgjer av selskapets vedtekter, skal representantskapet i dette møtet handsame ei sak om nye økonomiske rammer. Selskapet er også på oppløpssida i arbeidet med ny strategi. I møtet i representantskapet 19.12.25 ble det fatta vedtak i sak 19/26 om at styret skulle utreie ulike nivå av økonomiske rammer for NDLA. Styret ønsker at representantskapet handsamer sak om selskapets økonomiske rammer før arbeidet med ny strategi sluttførast.

Saka blir fremja for uttale i fylkesutvalet og til endeleg vedtak i fylkestinget.

Saksopplysningar

NDLA vart etablert i 2007 etter initiativ frå Kunnskapsdepartementet, og er eit fylkeskommunalt samarbeid som produserer digitale læringsressursar for vidaregåande opplæring. NDLA har ca. 60 medarbeidarar som hovudsakleg jobbar med produksjon, brukskvalitet, utforsking av ny teknologi og kommunikasjon.

Bruken av NDLA har auka jamt over tid, og i 2025 hadde læringsplattforma over 20 millionar besøk. På ein vanleg skuledag har NDLA mellom 70 000 og 90 000 besøk.

NDLA er ein fylkeskommunal oppgavefellesskap der alle Noregs fylkeskommunar deltek, og organisert med eit representantskap som øvste organ. Representantskapet består av medlemmer frå kvart eigarfylke, både folkevalde og administrativt tilsette. Stig Kolbjørnsen er Telemarks medlem i representantskapet. Styret i selskapet blir leidd av Helge Galdal, også frå Telemark, og styret forøvrig består av 6 medlemmar, frå ulike fylke og fagområde. NDLA har i tillegg fylkeskontaktar som fungerer som bindeledd mellom fylka og NDLA.

Saksliste for møtet 7. mai er som følgjer:

Sak 01/26: Velkommen
Sak 02/26: Styreleiarar orientering
Sak 03/26: Presentasjon av nytt fag i NDLA - KDA
Sak 04/26: Årsrekneskap NDLA 2025
Sak 05/26: Årsmelding NDLA 2025
Sak 06/26: Årsrapport NDLA 2025 for behandling av personopplysningar
Sak 07/26: Økonomiske rammer for NDLA
Sak 08/26: Eventuelt

Sak 07/26 har fleire problemstillingar som representantskapet må ta stilling til når det skal bestemme framtidig økonomisk ramme for samarbeidet, og korleis felles forpliktingar skal fordelast. Representantskapet skal vurdere:

- Moglege konsekvensar for kvalitet og fullverdig tilbod ved reduserte rammer for NDLA
- Moglege alternative inntektskjelder som kan redusere bidraget i fylka
- Finansieringsmodell og konsekvensar for elevpris (fylkesvise forpliktingar)

Styret foreslår at representantskapet gjer eit tilrådingsvedtak. Det gir administrasjon og styret eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med revidering av samarbeidsavtalen. Målet til styret er at vedtak i denne saka kan implementerast frå 2027. Derfor bør samarbeidsavtalen inngåast før nyttår 2026.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Dersom representantskapet fattar vedtak i tråd med innstilling i sak 07/26, vil dette kunne bety ei reduksjon på inntil 20% i dei økonomiske forpliktingane for samtlege eigarar av selskapet, under forutsetning av at alle eigarane deltek vidare. Eit godt fungerande NDLA vil dessutan sikre elevar og lærarar tilgang til digitale læringsmiddel i ein stor portefølje med fag. Alternativkostnadar er ikkje berekna nøyaktig, men vil vere langt høgare enn dagens kostnadsnivå. Det er og grunn til å hevde at NDLA i dag leverer læringsressursar i fag der det ikkje finnst alternativ i marknaden. Eit godt fungerande NDLA er slik sett og ein garanti for at elevane får sine lovfesta rettigheter til digitale læringsressursar.

Konsekvensar for klimamålet i fylket og FNs berekraftsmål

Denne saka har ingen direkte konsekvensar for klimamålet i fylket eller FNs berekraftsmål, men indirekte vil eit straumlinjeforma NDLA bidra positivt til FNs berekraftsmål:

4. God utdanning.

NDLA er ein open nettstad, eit kollektivt velferds gode som utnyttar potensialet i opne lisensar og støttar opp om Noregs tilslutning til UNESCOs tilråding om opne læremiddel for å utlikne forskjellar og styrkje demokratiet.

Vurderinga frå fylkesdirektøren

Representantskapet skal vurdere saker som har mykje å seie for vidare drift av NDLA. Styret i NDLA har fått i oppgåve å greie ut ulike økonomiske rammer for selskapet, og ønskjer at representantskapet behandlar dette slik at arbeidet med ny strategi kan fullførast etter planen

og med visse om dei nødvendige økonomiske rammer. Styret forlengjer derfor funksjonstida si med éin månad, til 12. juni for å fullføre dette arbeidet etter fastsetjing av nye rammer i møtet 7.5. Det vil avhaldast nytt møte i representantskapet 12.6 som skal vedta ny strategi og velje nytt styre.

Vurderinga frå fylkesdirektøren er at forslaget styret har til vedtak blir støtta.

Vedlegg:

24_25684-7 Ettersendelse av sak 07_26 til Representantskapsmøte NDLA 7. mai 2026
831361_1_1

24_25684-7 Innkalling til representantskapsmøte 07.05.26 - alle saker 831360_2_1

24_25684-7 Sak 07_26 Økonomiske rammer for NDLA 831362_2_1